

Søknad om økonomisk støtte til utdanning

Personalhandboka for Skjåk kommune har egne reglar for utdanningspermisjonar. I forhold til leiarutdanning og etterutdanning kan det bli gjeve permisjon med heil eller delvis løn når utdanninga skjer som fylgje av dei behov kommunen til kvar tid har for ajourføring innanfor vedkomande stilling. For grunnutdanning og vidareutdanning står det at forholda kan leggjast til rette slik at arbeidstakarar som ynskjer slik utdanning, får høve til permisjon dersom det ikkje skapar store vanskar for arbeidssituasjonen i verksemda. Dette skal drøftast med dei tillitsvalte.

I forhold til plikttjeneste / bindingstid så skal dette avtalast dersom kommunen yter økonomisk stønad som tilsvarar minst 3 månadsløner. Bindingstid skal avgrensast til maksimalt 2 år. Det kan vere ulike ordningar når det gjeld økonomisk støtte til utdanning, som permisjon med heil eller delvis løn, støtte til studieavgift eller støtte til innkjøp av bøker.

Frå 2015 har kommunen etablert eit eige kompetanseutval med rådmann, ass. rådmann, kommunalsjefar, personalkonsulent og hovudtillitsvalde. Utvalet skal vedta reglar for saksbehandling og fatte enkeltvedtak om økonomisk støtte til utdanning, jmf. sentral budsjettpost for kompetanseutvikling.

Det er to søknadsfristar i året for å søkje om støtte til utdanning, 1. mars og 1. september. Søknad skal sendast til postmottak eller personalkonsulent.

For å få innvilga støtte må det liggje føre tilråding frå tenesteleiar før saka blir teke opp til behandling. Vedtak i Kompetanseutvalet er eit enkeltvedtak. Klage på vedtak blir fyrst behandla på nytt i same utval, deretter går klaga eventuelt til Administrasjonsutvalet.

1. Namn på tilsett:	
2. Leiar:	
3. Søker om støtte til fylgjande utdanning, legg eventuelt ved vedlegg:	
4. Tidsrom for studiet:	
5. Søknad om permisjon med løn/ utan løn:	
6. Beløp det vert søkt om støtte til, legg ved evt. Dokumentasjon:	
7. Har du søkt om og evt. fått midlar frå eigen fagorganisasjon:	
8. Annan informasjon:	

Oppsett over kostnader i samband med studiet, som studieavgift og litteratur, skal liggje ved søknaden.

Dato.....

Underskrift av søker.....